



Tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Vestland

Ospehogen naturreservat i Stad kommune, Vestland

Januar 2026



Innhald

Tilråding for vern	3
Heimelsgrunnlag.....	3
Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
Andre interesser	4
Sakshandsaming.....	5
Sakshandsamingsprosessar	5
Forholdet til utgreiingsinstruksen.....	6
Forvaltningsstyringsmakt.....	6
Endringar i løpet av verneprosessen	6
Geografi.....	6
Verneforskrifta	7
Namn	8
Forvaltning og økonomiske og administrative konsekvensar	8
Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	8
Forvaltingsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
Avveging skogvern – skogbruk	8
Forvaltningsmyndigheit.....	9
Skildring av Ospehogen, med merknadar	9
Verneføremål og særskilte verneverdiar	9
Inngrepsstatus og andre interesser:.....	10
Samandrag av høyringsinnspela:	10
Namn	13
Avgrensing	13
Verneforskrift	13
Tilråding.....	13
Vedlegg 1: Tilråding til verneforskrift	14

Tilråding for vern

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Ospehogen naturreservat i Stad kommune, Vestland fylke, i medhald av naturmangfaldlova (lov om forvaltning av naturens mangfold). Tilrådinga omfattar 576 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 559, og av dette er om lag 540 dekar produktiv skog.

Heimelsgrunnlag

Ospehogen blir foreslått verna i medhald av naturmangfaldlova § 34 og § 62. Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfaldlova § 33, mellom anna bokstavane

- a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap),*
- b (arter og genetisk mangfold),*
- c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).*

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire [nasjonale mål](#) (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Oppretting av eit verneområde på Ospehogen bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfaldlova § 33 bokstav g.

Ved å verne området mot ulike typar inngrep gjev verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c. Området vil òg bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Området består av ein forholdsvis bratt sørvendt lisode som strekk seg heilt frå fjorden og opp på ca. 475 m.o.h. Av raudlista naturtypar førekjem frisk rik edellauvskog (NT), samt mindre parti med lågurtedellauvskog (VU), kalk- og lågurtfuruskog (VU) og høgstaudeedellauvskog (NT). Daud ved finst jamt spreidd, men kontinuiteten er relativt låg. Mange store, gamle tre i kombinasjon med gode vekstforhold gjer at det truleg kjem til å bli betre tilgang på daud ved på relativt kort sikt. Større delar av arealet har rik vegetasjon, og fleire kravfulle artar er registrert. Av 12 raudlista artar er 8 nær truga (NT) og ein er sterkt truga (EN). Det er potensial for å finne fleire.

På stor osp og dels rogn er det funne fleire artar knytt til lungeneversamfunnet, slik som skorpefittlav (NT), grynfittlav, lungenever, skrubbever, vanleg blåfittlav, kystnever,

sølvnever, kystvrenge, stiftfiltlav med vidare. Hasselrurlav (NT) er funne i området tidlegare. Truleg er det potensial for fleire litt kravfulle lav knytt til grov osp, rogn og edellauvtre.

Under den biologiske kartlegginga vart det observert sau i området, og det var tydeleg at dette beitetrykket påverka vegetasjonen i dei rikare partia i nedre halvdel av området. Eit slikt høgt beitetrykk kan vere noko utfordrande for skogsvegetasjonen i desse delane av området. Utover dette er det ikkje registrert anna bruk av området enn jakt.

Nede ved fjorden står det eit gammalt granplantefelt. Ved spreiring av frø kan feltet utgjere eit trugsmål mot verneområdet. Forvaltningsstyresmakta bør planleggje å fjerne granfeltet på sikt.

Vern av området vil beskytte det mot mogeleg framtidig påverknad i form av arealbruksendringar og hogst. Området vil kunne utvikle seg naturleg og verdiane i området vil truleg auke ytterlegare framover. Vern kan gjere det enklare å skaffe midlar for å fjerne granfeltet, og dermed sikre verneverdiane som er trua av spreiring.



Figur 1. Biletet synar det føreslegne verneområdet og plasseringa til Statnetts 420 kV transmisjonsnettledning. Foto: Biofokus/ Maria K. Hertzberg.

Andre interesser

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Jakt på hjort er del av både næringsgrunnlaget og rekreasjon i området. Jakta vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil vere lov. Forskrifta opnar for motorisert frakt av felt storvilt ut av terrenget med terrenggåande beltekøyretøy, og

forvaltningsstyresmakta kan vurdere å gje dispensasjon til frakt av felt vilt med andre køyretøy dersom vilkåra er til stades.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Kva som inngår i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvaltningsstyresmakta vil kunne gjere i det enkelte tilfellet. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga.

Nord for Ospehogen går ein trase med 420 kV transmisjonsnettledning mellom Ørsta og Ålfoten, denne vil kunne bli halden ved like. Basert på innspel frå Statnett endra vi vernegrensa mot nord og nordvest mot 420 kV-linja (sjå figur 2 lengre bak i dokumentet). Vernegrensa er flytta til 20 meter unna senter av linja. Klausuleringsbeltet og ferdselstraséar fall dermed utanfor verneområdet. Endringa førte til ei reduksjon av verneområdet med 14 dekar samanlikna med oppstartsmeldinga. Sør i kandidatområdet går òg ein kraftlinje tilhøyrande Linja AS.

Nedre del av området er beitepåverka. Verneprosessen har ikkje avdekt anna bruk av området.

Sakshandsaming

Sakshandsamingsprosessar

Arealet er eigd av fire private grunneigarar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern.

Grunneigarar av Ospehogen har, med ordninga frivillig skogvern, enno ikkje signert ei endeleg avtale med staten, men vi legg til grunn at avtale blir inngått snarleg. Det er FramTre (tidlegare AT Skog) som har framforhandla vernet på vegne av grunneigarane, og som har sett til at interessene deira blir ivaretekne.

Det tilrådde verneområdet på Ospehogen er lokalisert på sameigeteig med gards- og bruksnummer 18/1-4 i Stad kommune. Tilbodet kom oss i hende gjennom brev frå AT Skog den 28. mars 2022. Det er utført avveging av området's betydning for vern og betydning for tømmertilgang.

Tabell 1. Saksgang for verneprosessen.

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Ospehogen naturreservat	28.03.2022	03.07.2024	11.02.2025

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale aviser og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenka til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi startar nytt skogvern på Ospehåjen, vest for Hundvika, i Stad kommune | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Her er oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av verneforslag for Ospehogen naturreservat i Stad kommune | Statsforvaltaren i Vestland](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvalteren i Vestland](#)

Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utgreiingsinstruksen. I første og andre kapittel blir verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. Samfunnsnytta av verneforslaget blir vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar. Forslaget blir òg omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i vernereglar og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

Forvaltningsstyringsmakt


Aktuelle kommunar skal, etter nye rutinar, gjennom høyringsprosessen gje tilbakemelding på om dei ynskjer å få tildelt forvaltningsmyndigheit for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifta når området blir vedteke verna.

Vi inviterte Stad kommune, i høyringa, til å uttale seg om kommunen hadde interesse av å overta forvaltningsansvaret for dei mindre naturreservata innanfor kommunen sine grenser. Vi fekk ikkje innspel frå Stad på dette spørsmålet. Dersom det kjem uttale frå kommunen vil vi vidaresende svaret til Miljødirektoratet.

Endringar i løpet av verneprosessen

Geografi

Vi meldte oppstart på vern av eit område med storleik på 590 dekar. Basert på innspel frå Statnett endra vi vernegrensa mot nord og nordvest mot 420 kV-linja som er transmisjonsnettleidning mellom Ørsta og Ålfoten (figur 2). Vernegrensa vart flytta til 20 meter unna senter av linja. Klausuleringsbeltet og ferdselstraséar fall dermed utanfor verneområdet. Endringa førte til ei reduksjon av verneområdet med 14 dekar samanlikna med oppstartsmeldinga. Vernegrensa er også trekt vekk frå linja i sør. Den nye storleiken er på 576 dekar.



Figur 2. Endringar i avgrensinga av verneområdet gjennom verneprosessen. Kartarbeid: Statsforvaltaren i Vestland

Verneforskrifta

Jamfør nye malar for korleis verneføremålet er utforma gjorde vi endringar i oppsettet til § 1 i forskrifta. I oppstartsmeldinga nytta vi formuleringa og oppsettet som såg slik ut:

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på ei sørvendt fjordside frå fjord til fjell som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, med eit mangfald av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar. Området har edellauvskog med kravfulle artar til dels knytt til kalkrik mark, og gamal furuskog med bjørk og osp.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Vi legg ikkje opp til ei innholdsmessig endring. Det nye oppsettet til verneføremålet, som vart sendt på høyring, ser slik ut:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld trua, sjeldan og sårbar natur frå fjord til fjell med eit mangfald av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar.*
- b. representerer ein naturtype med store verdiar knytt til frisk rik edellauvskog på kalkrik mark og gamal furuskog med bjørk og osp.*

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Vi gjorde ei presisering av reglane som gjeld bålbrekking, jf. nyare malar for utforming av forskrifta etter oppstart. Ny formulering i § 3 første ledd bokstav e vart «Bålbrekking er forbode. Forbode gjeld ikkje brekking med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar

med gjeldande lovverk». Formuleringa om bålbrekking som tidlegare var i § 3 bokstav e «*Bålbrekking er forbode*» og § 4 (vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for) «*brekking av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk*» vart såleis slege i saman for å bli meir forståeleg.

Formuleringa «*hogst av etablerte plantefelt*» vart byta ut med formuleringa «*uttak av framande treslag*». Endringa er gjort for å presisere at det gjeld gran og andre framande treslag som anten er etablert i plantefelt eller som spreier seg inn som frø frå andre etablerte plantefelt. Vi la òg inn ein ny heimel i § 4 første ledd bokstav l om manuell fjerning av småtre frå framande treslag. Dette for å gjere det lettare for grunneigarar og andre på tur i området å kunne «nappe» småtre av gran før trea rekk å etablere seg.

Det er ikkje gjort endringar i verneforskrifta etter høyringa.

Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Ospehogen naturreservat*. I oppstartmeldinga nytta vi namnet *Ospehåjen naturreservat*. Vi fekk innspel til oppstartmeldinga frå Språkrådet om å nytte skrivemåten *Ospehogen*, og tok innspelet frå Språkrådet til følge.

Forvaltning og økonomiske og administrative konsekvensar

Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er avsett til *landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde* (LNFR-område).

Kartlegging av naturverdiane er gjennomført av Biofokus i 2022 i samband med tilbodet om frivillig skogvern, og kartlegginga har blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslag.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for mellom anna skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre føremål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å koma andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Det tilrådde området vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet.

Forvaltingsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadane som følgje av etableringa av *Ospehogen naturreservat*, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det kan bli utarbeida ein forvaltingsplan for naturreservatet med nærare retningslinjer for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel.

Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 foreslo direktorata retningslinjer for avvegingar. I oppdrag frå Klima-

og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Embetet har utført avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmer tilgang. Resultatet viste at området har stor betydning for vern (sjå tabell 2), og lite betydning for tømmer tilgang. Vernet vil såleis ikkje påverke moglegheiter for skog- og trenæringa.

Tabell 2. Tabellen synar verdien området har for vern, satt opp mot betydning for tømmer tilgang.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmer tilgangen						

Forvaltningsmyndigheit

Stad kommune har førebels ikkje teke stilling til om kommunen ynskjer å overta forvaltningsmyndigheit for eit framtidig Ospehogen naturreservat. Vi sendte førespurnad til kommunen under høyringa og vil vidaresende denne dersom vi mottek innspel i saka.

Skildring av Ospehogen, med merknadar

Totalareal 576 daa

Skogareal totalt om lag 559 daa

Produktiv skog om lag 540 daa

Verneføremål og særskilte verneverdiar

Området ligg i ei bratt, sørvendt lside i ein gradient frå fjorden og opp mot fjellet på nordsida av Hundvikfjorden i Stad kommune. Tresjiktet er rikt og varierer frå ganske storvaksne furutre iblanda bjørk, rogn, osp og selje i høgda, mens det i nedre del mot fjorden veks meir varmekrevjande treslag som hassel, alm, lind, svartor og eik. Arealet inneheld fire ulike raudlista naturtypar, tre av dei er ulike utformingar av edellauvskog (høgstaude edellauvskog, frisk rik edellauvskog og lågurteedellauvskog) og den fjerde er kalk- og

lågurtfuruskog. Daud ved finst jamt spreidd, men kontinuiteten er relativt låg. Mange store, gamle tre i kombinasjon med gode vekstforhold gjer at det truleg kjem til å bli betre tilgang på daud ved på relativt kort sikt. Større delar av arealet har rik vegetasjon, og fleire kravfulle artar er registrert. Av 12 raudlista artar er 8 nær truga (NT) og ein er sterkt truga (EN). Det er potensial for å finne fleire.

Ospehogen bidreg til å fylle manglar i skogvernet knytt til høgare bonitetar, raudlista naturtypar og raudlista artar, særleg knytt til hasselkratt og delvis ospedominert skog og gamal furuskog. Området ligg dels i lågareliggjande område, og i sørboreal, boreonemoral og nemoral vegetasjonssone, som også er mangelfullt dekt i skogvernet. Tilbodsområdet har høgt naturmangfald særleg knytt til kalkrik mark og edellauvskog, samt store, gamle tre av osp og rogn. Vi har redusert arealet mot fjellet i nord og sør, og utelete kraftlinjer frå det arealet vi vel å gå vidare med.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Jakt på hjort er del av både næringsgrunnlaget og rekreasjon i området. Jakta vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil vere lov. Forskrifta opnar for motorisert frakt av felt storvilt ut av terrenget med terrenggåande beltekøyretøy, og forvaltningsstyresmakta kan vurdere å gje dispensasjon til frakt av felt vilt med andre køyretøy dersom vilkåra er til stades.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Kva som inngår i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvaltningsstyresmakta vil kunne gjere i det enkelte tilfellet. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Det er lite brukarinteresser i området anna enn jakt. Nord for Ospehogen går ein trase med 420 kV transmisjonsnettledning mellom Ørsta og Ålfoten, denne vil kunne bli halden ved like. Sør for området går ei kraftlinje tilhøyrande Linja AS. Den er også trekt ut av verneområdet.

Nedre del av området nyttast til beite. Verneprosessen har ikkje avdekt anna bruk av området.

Samandrag av høyringsinnspela:

Verneplanen vart sendt på høyring til AT Skog SA, Avinor, Den Norske Turistforening, Det norske skogselskap, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, DNT Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Forsvarsbygg, Fortidsminneforeningen, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/Bergen Turlag, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Høgskulen på Vestlandet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS - Kommunesektorens organisasjon, Landbruksdirektoratet, LINJA AS, Luftfartstilsynet, Miljødirektoratet, Natur og ungdom, Naturhistorisk museum, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Norsk Bergindustri, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Industri, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitologisk Foreining,

Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, Norskog, NTNU, Sabima, Stad kommune, Stadnamntenesta på Vestlandet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Sør-Norges Fiskarlag, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, Vegdirektoratet, Vest politidistrikt, Vestland fylkeskommune og WWF Verdens naturfond.

Det kom inn fem innspel til oppstartmeldinga. Vi fekk vidare tre innspel til høyringa.

Språkrådet kom med innspel om namnsettinga, og tilrådde oss å nytte namnet *Ospehogen naturreservat* framfor *Ospehåjen naturreservat* på kandidatområdet, som vi nytta i oppstartsmeldinga. Språkrådet tilrår, dersom ein ynskjer alternativ til *Ospehogen naturreservat*, å vurdere namnet *Breivikhjellen naturreservat*. Ei stor hylle sentralt i verneområdet bærer det namnet, jf. offisielle kart, og det er ikkje andre naturreservat i landet som har nytta det tidlegare. Med bakgrunn i Språkrådet sin uttale endra vi skrivemåten for området til *Ospehogen*.

AT Skog vidareformidla i høyringa at grunneigarane er samd i namnet *Ospehogen* for verneområdet, framfor det andre forslaget til Språkrådet, *Breivikhjellen*.

Landbruksdirektoratet hadde nokre generelle innspel til oppstartsmeldinga. Direktoratet bad om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser vert teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet gjekk òg ut i frå at landbruksfagleg kompetanse vart involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Innspela frå Landbruksdirektoratet er ivaretekne i den framlagde forskrifta utarbeidd i dialog med grunneigarane. Embetet har utført avveging av området's betydning for vern og betydning for tømmer tilgang. Resultatet viste at området har stor betydning for vern (sjå tabell 2), og lite betydning for tømmer tilgang. Vernet vil såleis ikkje påverke moglegheiter for skog- og trenæringa.

NVE peika etter oppstart på nettleidningar i kanten av verneområdet tilhøyrande Statnett og Linja AS. NVE bad dei komme med innspel i saka. I merknaden til høyringa kommenterte NVE at dei vart feilsitert i høyringsdokumentet. Det vart her skreve at NVE ikkje hadde merknadar til saka. Vi beklagar feilen.

Statnett SF hadde merknadar til avgrensinga av verneområdet og til verneforskrifta. Nord i tilbudsområdet går Statnetts 420 kV transmisjonsnettledning mellom Ørsta og Ålfoten. Statnett bad om at delane av det framtidige verneområdet som låg innanfor klausuleringsbeltet til transmisjonsnettet, vart teke ut. Beltet går 20 meter frå midten av kraftlinja. Statnett har rettar til å utføre skjøtsel innanfor klausuleringsbeltet, samt rett til naudsynt felling av tre i sideterreng utanfor klausuleringsbeltet. For å mogleggjere eventuell utviding av nettet ved seinare høve, ynskjer Statnett òg at grensa for området flyttast 80 meter frå senter av linja.

Statnett skreiv vidare at eit generelt unntak bør inn i vernebestemmingane for tiltak knytt til drift og vedlikehald av transmisjonsnettanlegget i og inntil verneområdet. Dersom vernegrensa trekkjast slik at køyretrasé, som går i kraftgata, hamnar innanfor vernegrensa, ynskjer Statnett at det opnast for motorisert ferdsel på køyretraséar, samt utanfor desse på vinterstid, når det er snø og frost i bakken. Statnett nyttar helikopter til arbeid knytt til vedlikehald, feilsituasjonar eller havari. Dei bad difor om at naudsynt arbeid med bruk av

helikopter, inkludert landing, fekk eit generelt unntak frå ferdselsbestemminga i verneforskrifta, då dei vurderer det slik at aktiviteten ikkje er i konflikt med verneføremålet.

I figur 2 kan ein sjå området markert med lilla kant som tilbodet frå grunneigarane via AT Skog. Tilbodsarealet var opphavleg på 758 dekar. Av omsyn til kraftlinja reduserte vi arealet med 22 % før vi meldte oppstart av verneprosess, og meldte oppstart på eit areal på 590 dekar, området markert med blå kant. I kartet er grensa til verneområdet med oppstart markert om lag 10 meter sør for den nærmaste 420kV-linja for å ta omsyn til ho.

Ei endring av verneområdegrensa til 80 meter frå senter av linja, slik Statnett gav innspel om, vurderte vi ville gå ut over verneverdiane i området. Etter vår meining ville ein reduksjon av verneområdet til 20 meter frå senter av linja, kombinert med ei opning i verneforskrifta for aktivitet relatert til drift og vedlikehald, mogleggjere effektiv drift av linene og samstundes beskytte viktige naturverdiar. Forskrifta opnar òg for å vurdere dispensasjon til oppgradering og fornying av linja i § 4 bokstav k. Av omsyn til drift og vedlikehald av linene, etter innspelet frå Statnett, reduserte vi verneområdet slik at vernegrensa går 20 meter frå senter av linja, det vil seie 12 meter frå sørleg line. Dersom vi hadde trekt grensa lengre ned ville vi byrje å redusere ein arrondering av store gamle tre på kalkrik mosaikk, denne utfigureringa er ein raudlista naturtype. Terrenget er bratt i området, og når linjene er i overkant av verneområdet, ser vi ikkje den store risikoen for trefall oppover.

Når vernegrensa vart ytterlegare trekt vekk frå kraftlinja kunne vi ikkje sjå at det var grunn til å legge inn ei generell opning for motorferdsel og landing med helikopter innanfor kandidatområdet. Det er, etter vår vurdering, heller ingen naturlege plassar innanfor verneområdet som egner seg til landing med helikopter. Vern vil ikkje vere til hinder for bruk av naudsynt motorferdsel ved akutte utfall, eller fare for akutt utfall på eksisterande anlegg, jf. § 6 bokstav d. I spesielle høve opnar forskrifta for at det gjevast dispensasjon til motorisert ferdsel innanfor verneområdet, jf. § 7 bokstav h. Vi meiner dette vil vere tilstrekkeleg for å sikre den vidare drifta av linja. Vi vurderte difor å ikkje opne for eit generelt unntak frå vernereglane som opnar for motorisert ferdsel for kraftrelatert aktivitet. Vi oppmoda vidare Statnett til å vurdere kva behov det er for å drive skjøtsel i og ved kraftgata. Trea i og ved verneområdet ligg i ei bratt sørvendt skråning, og det er difor lite sannsynleg at desse vil falle nordover, over linene.

NVE oppmoda i høyringa Statnett og Linja om å svare på om tilpassingane som vart gjort er tilstrekkelege. NVE skriv og i høyringa at det i framlegget til verneforskrift ikkje vart teke med den standardisert unntaksbestemminga om at forvaltningsmyndigheten etter søknad kan gje dispensasjon til «*oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4*» under § 7.

I det føreslegne vernekartet i oppstartmeldinga vart arealet redusert frå det opphavelige tilbodet for å grense ut dei to kraftlinjene nord og sør i området. Til høyringa grensa vi òg ut klausuleringsbeltet rundt Statnetts 420 kV transmisjonsnettledning mellom Ørsta og Ålfoten etter innspel frå Statnett. Då det ikkje er kraftliner i området, vil punktet i § 7 ikkje vere relevant for dette verneområdet. Statsforvaltaren meiner endringane som er gjort gjennom verneprosessen tek omsyn til virket til Statnett og Linja AS. Tilpassingane gjer etter vår meining at vernet ikkje vil vere til hinder for den vidare drifta av kraftlinjene.

NVE kommenterte òg i høyringa at nokre av ynskja frå Statnett ikkje vert etterfylgt. Dette gjaldt landing med helikopter i verneområdet og flytting av grensa til 80 meter unna midten

av kraftlina. Vi forsøkte ved fleire høve i tida mellom oppstart og høyring å koma i kontakt med sakshandsamar hjå Statnett for å forhøyre oss om behovet, og grunnngjeving for innspelet, men har ikkje lukkast. Statnett sendte uttale til høyringa, der dei skrei at dei ikkje har vidare merknadar til vernet.

Vi har ikkje motteke svar på NVE sine førespurnadar til Linja AS om uttale i saka, verken etter oppstart eller høyring. Vi har forsøkt å be om uttale direkte, men ikkje motteke svar på førespurnaden.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Ospehogen naturreservat. Det har vore endra frå Ospehåjen i løpet av verneprosessen.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i kartvedlegget.

Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta som på neste side i dette dokumentet.

Tilråding

Vi tilrår at området Ospehogen blir verna som naturreservat.

Vedlegg 1: Tilråding til verneforskrift

Tilråding

Forskrift om vern av Ospehogen naturreservat, Stad kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.202x med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a) inneheld trua, sjeldan og sårbar natur frå fjord til fjell med eit mangfald av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar.
- b) representerer ein naturtype med store verdiar knytt til frisk rik edellauvskog på kalkrik mark og gamal furuskog med bjørk og osp.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Stad kommune: 18/1-4.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 576 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xxxx Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Stad kommune, hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje brenning med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk

- c. beiting
- d. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- e. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktliner ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- f. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- g. vedlikehald av eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet
- h. utsetting av saltstein
- i. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og aukiing av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- l. manuell fjerning av småtre frå framande treslag

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding er forbode.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring,
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget,
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy,
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d,
- b. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne,
- c. tiltak i samband med forvaltning av vilt,
- d. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd bokstav b,
- e. merking og rydding av nye stiar,
- f. oppsetting og vedlikehald av gjerde,
- g. uttak av framande treslag,
- h. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidningar,

- i. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav g og h og § 7 bokstav b, f og g.

§ 8. *(generelle dispensasjonsreglar)*

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. *(skjøtsel)*

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. *(forvaltingsplan)*

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. *(forvaltingsstyresmakt)*

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12. *(ikraftsetjing)*

Denne forskrifta trer i kraft straks.